



**Saksframlegg**

**Grovsiling av innspel til rullering av kommuneplanen sin arealdel**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har:** Kommunestyret

**Dokument i saka:**

Kommuneplanen sin arealdel 2014-2026  
Kommunedelplan for Fyresdal sentrum 2006-2020

**Vedlegg**

- 1 Planprog arealdel040325
- 2 Innspill
- 3 InnspelRullering avKPA
- 4 Regulerings bustadtomter Kilegrend
- 5 Skjermbilde 2026-03-08 kl. 20.20.58
- 6 Oversiktskart

**Bakgrunn for saka:**

Fyresdal kommune er i gang med rullering av kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan for sentrum, desse skal slåast saman til ein plan. Gjeldande arealdel vart vedteke i 2014 og kommunedelplan for sentrum i 2006.

Føremålet med kommuneplanen sin arealdel er å legge til rette for ei berekraftig utvikling som fylgjer opp satsingsområde og strategiar frå samfunnsdelen. Arealdelen styrer kor ein kan byggje nye bustader, fritidsbustader eller etablere næringsareal. Samtidig skal planen ta omsyn til blant anna klima, naturmangfald og landbruk. Kommuneplanen sin arealdel består av plankart, planføresegner og eit plandokument som utdjupar og grunngjev arealbruken og føresegnene knytt til arealbruken.

Ved oppstart av planprosessen vart det opna for å kome med innspel til ny arealbruk. I planprogrammet er det gitt nokre fokusområde for rulleringa. Desse er planvask, bustadutvikling, næringsutvikling, fornybarenergi, omsynssoner, fritidsbustader og føresegner.

Denne saka skal gå igjennom alle innspel til ny arealbruk og gjere ei grovsiling på kva innspel ein skal ta med vidare til konsekvensutgreiing og kva ein tek ut av vidare arbeid. Grovsilinga er gjort i tråd med fokusområde og kriteria vedtatt i planprogrammet, samt regionale og nasjonale føringar og forventingar til kommunal planlegging.

Vedlegg 2 syner innspela gruppert tematisk etter arealformål. Innspel som ikkje omhandlar endra arealbruk er ikkje ein del av denne saka.

### Planprogrammet som grunnlag for innstillinga

Planprogrammet vart vedteke 27.03.2025 sak 22/25. Planprogrammet legg føringar for prosessen og aktuelle vurderingstema. Planprogrammet sett og kriteria for grovsiling.

Fokusområde og kriteria for grovsiling ligg til grun for kommunedirektøren si innstilling for kva innspel ein skal ta vidare til konsekvensutgreiing og kva innspel som blir stoppa på dette tidspunktet.

### **Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå Planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel vedtatt 27.03.2025 og Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035*

### Innspel om bustadområde

Dei fleste innspela om nye bustadområde kjem frå kommunen med bakgrunn i eit auka behov for nye bustadtomter og alle er foreslått til vidare utgreiing. Det er per tid ikkje vore kontakt med grunneigarar på dei fleste områda. Nye areal for bustad er i hovudsak sentrumsnært plassert, eit innspel ligg i Hauggrend knytt til innspel for utvikling av Foldsæ.

### Innspel om fritidsbustader

For vurdering av innspel til fritidsbustader seier planprogrammet at ein skal legge til rette for vidare utbygging i form av fortetting og utviding av eksisterande områder for fritidsbustader. Dette saman med det styrka vernet av villreinområda gjer at ein del innspel om fritidsbustader blir stoppa på dette tidspunktet.

### Innspel om næring

Innspela knytt til nytt næringsareal kjem frå kommunen og frå Foldsæ. Kommunens innspel ligg i nærområda til Molandsmoen og eksisterande næringsareal, bakgrunnen for innspel til utviding av næringsareal er sterkt knytta til bruk av restvarme frå datasenter etablering.

### Andre innspel

Det er elles noken få andre innspel som er knytt til mindre tiltak eller som blir dekt opp av planer som ligg i vedtatt planstrategien for kommunen.

I samband med konsekvensutgreiing av innspela som i denne saka blir vedtatt og sende vidare, ser administrasjonen at det vil vere behov for innleige av ekstern kompetanse.

I planprogrammet er det også vedteke at alle eksisterande utbyggingsareal i gjeldande arealdel og kommunedelplan, samt alle eksisterande reguleringsplanar skal gjennomgå ein planvask. Ein vil derfor be om fullmakt til å leige inn denne kompetansen.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Innkomne innspel som er i strid med fokusområda eller kriteria for siling i planprogrammet blir ikkje med vidare til konsekvensutgreiing. Alle andre innspel går vidare til konsekvensutgreiing som ledd i planprosessen. Kommunestyret støttar kommunedirektørens sitt framlegg til grovsiling av innspel.

Kommunedirektøren får fullmakt til å leige inn ekstern kompetanse til utføring av konsekvensutgreiing og bistand til planvask.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør